

Solund kommune

Ragnhild Berge Feidje
Ragnhild.Berge.Feidje@sfj.no

6924 HARDBAKKE

Ida-Beate Mølmesdal – Klimaomstilling
Elisabeth Aune – Bruk og vern av
sjøområda
Eva Moberg – Kulturarv
Anne-Silje Sylvarnes – Næring

Svar - Høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel for Solund kommune 2020 - 2030

Vi viser til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel, dagsett 24.10.2019, med frist 06.12.2019. Fylkeskommunen hadde høyringssvar på planprogram og varsel om oppstart av arbeidet med samfunnsdelen i august 2017.

Dette er ei administrativ fråsegn til planutkastet. Høyringa vert òg handsama politisk, men saksframstillinga til fylkesutvalet er ei kortfatta samanstilling av den administrative fråsegna og med innstilling til vedtak. Den administrative fråsegna er lagt ved den politiske saka. Dette er gjort for å kunne legge fram eit meir kortfatta dokument til politisk handsaming, medan høyringssvaret til kommunen er meir utfyllande og har ein meir rettleiande funksjon.

Generelt

Samfunnsdelen inneheld 4 måltema, og eit handlingsprogram med 14 mål, og alle måla har fleire tiltak knytt til seg. Slik fylkesrådmannen vurderer det kunne det vore ønskjeleg med ei tydelegare prioritering av målområda, for å styrke samfunnsdelen som styringsverktøy.

Ut frå «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» skal FN's berekraftmål ligge til grunn for planlegginga. Kommunen bør difor legge dette til grunn, og inkludere det i samfunnsdelen for vidare forankring i plansystemet.

Berekraft – økonomisk, sosial og miljømessig – er svært viktig tema, og det bør gå tydeleg fram av samfunnsdelen korleis kommune vil arbeide med dette.

Handlingsprogram

Etter plan og bygningslova § 11 - 1 skal samfunnsdelen ha ein handlingsdel som tydeleggjer korleis strategiane og måla skal følgast opp for perioden. For at samfunnsdelen skal vere eit reelt styringsverktøy for organisasjonen, bør handlingsdelen vere så detaljert at den legg føringar for konkrete prioriteringar i økonomiplanen. Det er viktig å synleggjere samspelet mellom kommuneplanen sine langsiktige mål og føringar for utvikling, i forhold til tenesteområda sine satsingar i perioden, og at oppfølging av mål og strategiar frå samfunnsdelen vert integrert i budsjett og økonomiplan. Det er òg viktig å synleggjera kva tiltak som er eit resultat av satsingar i kommuneplanen, og i tillegg vise kva satsingsområde tiltaka tilhøyrer.

Innleiingsvis i handlingsprogrammet står det at handlingsprogrammet skal koplust til økonomiplanen. Vi saknar ei skildring av korleis dette skal gjerast.

I kap. 3 er det fire måltema som krev særskilt merksemd og nye strategiske grep dei neste fire åra. Desse måltemaa refererer til nokre av punkta i handlingsprogrammet i kap. 4. Handlingsprogrammet inkluderer i tillegg til dei fire punkta frå måltema (4.1, 4.2, 4.3 og 4.9) 10 andre tema med mål og tiltak/strategiar.

For å leggja eit godt grunnlag for prioritering og styring vidare, må handlingsprogrammet vere tydeleg på kva innsatsområde som skal prioriterast, kva konkrete tiltak ein skal gjere, når det skal gjerast, kostnadsrammer, og kven som har ansvaret for gjennomføring. Slik vi vurderer det er

fleire av punkta under «korleis» i handlingsprogrammet lite konkrete, og fleire av dei står fram som strategiar.

Handlingsprogrammet kan gjerne settast opp i tabellformat, og må innehalde konkrete handlingar, ansvar for oppfølging, tidspunkt for gjennomføring og tilknytning til budsjett. Punktet «grunnlag» er allereie gjort greie for tidlegare i planen, og det er difor ikkje naudsynt å inkludere i handlingsprogrammet.

Vidare er det viktig å avklara forholdet mellom dei tre tiltaka frå måltema 2.2 som skal ta mykje ressursar framover og punkta i handlingsprogrammet. Dette både i forhold til kapasitet og økonomi.

Føringar for arealdelen

For å sikre god samanheng mellom dei overordna målsettingane i samfunnsdelen og framtidig arealbruk, bør samfunnsdelen tydeleggjere føringar for arealdelen. Føringane bør konkretisere kva nye, eller endra, arealbehov ein har innanfor ulike samfunnsområde. Vidare bør ein legge føringar for kvar i kommunen det kan vere aktuelt å lokalisere ulike typar arealbruk. I denne vurderinga bør ein sjå heilskapleg på utviklinga, og vurdere korleis ny arealbruk bør lokaliserast for å bygge opp under målsettingane i samfunnsdelen.

Fleire av tema som er drøfta i samfunnsdelen har direkte relevans for arealdelen, og planen har enkelte føringar knytt til arealbruk.

Det er positivt at samfunnsdelen legg føringar for arealbruk innanfor kvart tema, men vi rår til at desse føringane blir skilt ut, slik at dei kjem tydlegare fram. Dei kan til dømes samlast under kvart tema med overskrift: *føringar for arealdelen* I kapittel 4.9 er desse to punkta under «korleis» gode dømer på arealføringar:

- *Det skal setjast av areal til næringsområde og djupvasskai i ytre Steinsund, og tilpassa dagens behov i samband med bygging av ny bru.*
- *Det skal sikrast område til rekreasjon, fritid og reiseliv ved å prioritere nokre områder der det ikkje skal opnast for utbygging.*

Andre lover og planar

Regional plan for vassforvaltning 2022 – 2027 har hatt planprogrammet på høyring, og er ein plan som kan nemnast under dette punktet i samfunnsdelen. [Informasjon om planen finn du her.](#)

Naturmangfaldlova er nemnt under *natur og miljø* i planprogrammet. Den er ikkje blitt inkludert i oversikta over nasjonale lover som er relevant for planen, sjølv om den òg er omtalt i kap. 4.9 i samfunnsdelen.

Vidare er klimaendringar og klimaomstilling nemnt som utfordringar framover. Klimalova bør òg nemnast under nasjonale føringar for planen.

Fylkeskommunen meiner og at *Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018–2029*, er ein viktig plan for samfunnsdelen, og at denne bør inkluderast.

De har skrive at regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter er ein plan under arbeid. Denne planen vart vedteken i fylkestinget 08.10.2019. Etter vedtak har Fylkesmannen i Vestland gitt vesentleg innvending til planen, og planen er ikkje gjeldande. Difor er det framleis planføresegna frå 2017 som er gjeldande inntil vesentleg innvending er avklara.

Regjeringa kom i mai 2019 med nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Vi ser at de har nemnt nasjonale forventningar under nasjonale og regionale forventningar, og vi føreset at det er desse forventningane det vert vist til.

Folkehelse

Folkehelse har fått god plass i planen, men står til ei viss grad fram som eit enkelttema. Folkehelse, og arbeidet med dette, er sektorovergripande og dette bør innarbeidast i heile plandokumentet. Dei fire temamåla i kapittel 3 kan, og bør, innehalde mål som betrar levekår og livskvalitet i kommunen.

Folkehelse kan inkluderast i bruk av sjøareal (3.1) gjennom t.d. rekreasjonsareal og møteplassar. Punkt 3.2 om varierte bustadar og gode bukvalitetar kan t.d. inkludere bustadar for familiar med låginntekt og mål om universell utforming. I 3.3 kan t.d. næringslivet og organisasjonar bidra til integrering og inkludering for å motarbeide utanforskap. Til sist (3.4) er det, som nemnt, viktig å betre kvalitetane i lokalsamfunnet, og dette bør konkretiserast.

Fleire av utfordringane og utviklingstrekk (1.3) har truleg blitt tatt med frå folkehelseoversikta. Folkehelseoversikta er eit viktig grunnlagsdokument for samfunnsdelen. Me oppmodar om å skrive det inn i samfunnsdelen der ein har nytta folkehelseoversikta.

I kap. 1.4 går mange av punkta om korleis ein vil ha det innan levekår og livskvalitet for innbyggjarane. Vidare i planen meiner vi at dette perspektivet fell litt vekk. Vi rår til at folkehelse i større grad vert inkludert som mål og tiltak, for å svare på utviklingstrekk og utfordringar nemnt i kap. 1.3.

Frå planprogrammet under overskriftene *folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø og universell utforming* går det fram korleis kommunen ynskjer å arbeide med desse tema. Vi kan ikkje sjå at dette er inkludert i mål og tiltak i samfunnsdelen, og oppmodar til å ta det med.

Klimaomstilling

Klimautfordringane er ei av dei største utfordringane som vi står ovanfor, og det er ei forventning at kommunane og fylkeskommunane jobbar aktivt med dette i si planlegging.

Arbeidet med klimautfordringane vert viktig i alle dei identifiserte måltema. Korleis kommunen ynskjer å jobbe med berekraftsmåla og klimaomstilling kjem ikkje tydeleg fram i samfunnsdelen. Ein må lese under handlingsprogrammet sine mål og tiltak for å finne noko om klimaomstilling.

Vi saknar målsettingar frå kommunen om å vere berekraftig og sette klima på dagsorden, og inkludere det som eit sektorovergripande tema. Kommunen skal legge til rette for næringsutvikling i kommunen, men samfunnsdelen seier ikkje noko om grøne næringar, som kan vere eit konkurransefortrinn. Under mål for næringsliv og arbeidsplassar kunne ein «tatt sats og prioritert» og satsa på næringar som er nødvendig i eit grønt skifte, for å delta på den næringsutviklinga som no skjer som følgje av strengare klimakrav og nødvendig klimaomstilling.

I handlingsprogrammet er det eit eige tiltak om klimaomstilling, men det står lite om klimavenlege val og løysingar i dei andre tema i handlingsprogrammet. Klimautfordringane må løysast på tvers, ikkje berre sektorvis. Eitt eksempel kunne vere at ein under «betre samferdsle og infrastruktur» kunne inkludert mål om å legge til rette for klimavenleg mobilitet for personar og gods. Infrastruktur til nullutsleppskøyretøy vil vere naturleg å ha under dette temaet. Dersom alle nye bilar selt frå 2025 skal vere nullutsleppsbilar, så er det nødvendig med infrastruktur til dette både for innbyggjarar, men også besøkande og turistar, og for det lokale næringslivet i kommunen.

Vi saknar også nokre omtale av kommunen sine klimagassutslepp og korleis kommunen ynskjer å jobbe vidare for å redusere desse i tråd med nasjonale og regionale mål.

Det er positivt at de har mål om å revidere Solund sin klimaplan. De kan ta kontakt med klimakoordinator hjå oss dersom de har behov tips og råd, og bidrag i prosessen om det er ynskjeleg.

Næring

I punkt 3.1 er det skrive i overskrifta at ein skal satse på berekraftig fiskeri- og havbruksnæring, men dette er ikkje tatt med som mål eller tiltak i handlingsprogrammet. Vi rår til at dette blir inkludert, med konkrete tiltak i handlingsprogrammet.

Det er positivt at de satsar på næringsutvikling og meir mangfald i næringslivet (pkt. 3.3). Her saknar vi og berekraftsperspektivet. Berekraftsperspektivet bør, slik fylkesrådmannen vurderer det, ligge til grunn både i gjeldande næringar og ved nyetableringar.

Vassmiljø

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion (2015) viser korleis vi ynsker å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv, og fastset miljømål for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn (vassførekomst). Tilstanden av alle vassførekomst i kommunen og miljømåla deira er gitt i databasen vann-nett.no.

Kommunen si målsetting og strategi i samfunnsdelen bør spegle at ein skal oppnå miljømåla sett i vann-nett og den regionale vassforvaltningsplanen.

Vassmiljø var eit av tema som fylkeskommunen nemnte i sitt høyringssvar til varsel om oppstart og planprogram. Vi kan ikkje sjå at vassmiljø er inkludert i planen. Dette er eit viktig tema, men kanskje spesielt relevant for måltema 1, *bruk og vern av sjøareala* og kapittel 4.9 i handlingsprogrammet, *berekraftig arealbruk*.

Det generelle målet er å sikre at god tilstand er nådd og/eller heldt ved like i alle vassførekomst, med mindre unnatak er gjeven. Med god tilstand meinast god økologisk og kjemisk tilstand (god kjemisk og kvantitativ tilstand for grunnvatn) jf. vassforskrifta. God tilstand sikrar gode levekår for vasslevande plantar og dyr og byggjer mangfald slik at vi menneske kan hauste frå naturen på berekraftig og trygt vis.

Vi føreslår følgande retningsliner/tiltak for å sikre at kommuneplanen integrerer heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatn i tråd med den regionale vassforvaltningsplanen:

- *Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomst (elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn) verre. Der det er mogleg skal nye bygg og ny arealbruk bidra til at miljømål vert nådd.*
- *Samfunnsutviklinga skal sikre og bidra til å nå miljømåla som er sett i den regionale vassforvaltningsplanen for elvar, bekker, innsjøar, kystvatn og grunnvatn.*

Kommunen bør vurdere ein kommunedelplan på vatn, avløp og vassmiljø. Denne planen bør ta føre seg mål og strategiar for både kommunale og spreidde avløpsanlegg.

Bruk og vern av sjøområda

Kommunen har som mål (3.1) å setje av nye areal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring. Kommunen vil i arealdelen legge til rette for sjøareal til akvakultur. Dette er i tråd med nasjonale og regionale føringar innan næring.

Kommunen vil legge berekraftsperspektivet til grunn i kystsoneplanlegginga. Dette er, slik vi ser det, eit viktig utgangspunkt for vidare planlegging.

Kulturarv

Fylkeskommunen ser positivt på at kommunen ønsker å delta aktivt i kystparksamarbeidet i HAFS og bidra i arbeidet med UNESCO-geopark.

Vi saknar likevel ein breiare omtale av korleis kommunen vil nytte kulturarven som ressurs i lokalsamfunnsutviklinga. Her visar vi til tidlegare innspel til samfunnsdelen i 2017, der vi bad om at ein såg koplingar til arbeidet med den lokale kulturminneplanen :

Det er positivt at kommunen har sett i gong arbeidet med å utarbeide kulturminneplan. Dette vil gje oversikt over kulturminneverdiane i kommunen. Å identifisere desse verdiane vil vere nyttig i plan- og byggesakhandsaminga, men vil også kunne bidra til at kulturminna vert ressursar for god lokalsamfunn- og næringsutvikling.

Under temaet næringsutvikling vert det peika på at Solund skal satse på brei verdiskaping på sjøen og i kystlandskapet og at naturbasert reiseliv er ein av næringane kommunen skal satse på. Her kan både kulturminna og kulturlandskapet være ein viktig ressurs for å utvikle dei gode opplevingane. Også under teamet opplevingar i kystlandskapet er det naturleg å inkludere opplevingar knytt til dei kulturhistoriske kvalitetane. Vi vil difor oppmode kommunen om å sjå på moglege koplingar mellom kulturminneplanarbeidet og arbeidet med å tilrettelegge for naturbasert reiseliv og opplevingar i kystlandskapet.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Ragnhild Berge Feidje
førstekonsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Solund kommune 6924 HARDBAKKE

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER